# Innkalling TV1-kurs i Utdanningsforbundet Gjesdal

Dato: Onsdag 18.september 2024
Tidsramme: kl 9.00 -15.30
Stad: Hotell Jæren, Bryne

| | |
|---|---|
| **Målgruppe** | Nye arbeidsplasstillitsvalde |
| **Målsetting** | Oppfølging og opplæring av tillitsvalde i tema som har betydning for utøvinga av funksjonen tillitsvald. |
| **Tema** | **Klubbarbeid og fagforeiningsmedvit**<br>• Kjenner organisasjonsstrukturen i Utdanningsforbundet og veit kva for støtte dei kan få frå andre organisasjonsledd<br>• Har oversikt over korleis dei kan drive godt klubbarbeid, engasjere medlemmane og jobbe for medlemsvekst<br>**Hovudavtalen, medråderett**<br>• Har kunnskap om dei viktigaste oppgåvene, pliktene og rettane for arbeidsplasstillitsvalde<br>• Veit i kva møter og fora arbeidsplasstillitsvalde kan utøve medråderett og kva rammer som gjeld for dette<br>**Løns- og arbeidsvilkår**<br>• Veit kva som vert regulert i hovudtariffavtalen/overeinskomsten og korleis tariff-oppgjer skjer<br>• Kan navigere i aktuelt lov- og avtaleverk for arbeidslivet<br>**Profesjonsmedvit**<br>• Veit kva det inneber at Utdanningsforbundet er ein profesjonsorganisasjon<br>• Kjenner til Lærarprofesjonen si etiske plattform<br>**Kommunikasjonsdugleik**<br>• Veit korleis dei kan kommunisere med medlemmane<br>• Har oversikt over dei viktigaste informasjonskanalane til medlemmar og tillitsvalde i Utdanningsforbundet |

Permisjon: Me syner til Hovudavtalen i staten og Hovudavtalen i KS, Del B §3-6. eller Hovedavtalen PBL § 5,2

**Ålgård, 20.06.2024**

**Bjørg Hauge, lokallagsleiar**